

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.10.2014
SAKSHANDSAMAR: Hilde Christiansen/Bjørn Ivar Bø
SAKA GJELD: **Tiltak for å auke utdanningskapasiteten for sjukepleiarar i regionen**

ARKIVSAK: 2014/978/
STYRESAK: 113/14

STYREMØTE: 04. og 05.11. 2014

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret ber administrasjonen ta opp behovet for auka utdanningskapasitet for sjukepleiarar med Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Oppsummering

I behandlinga av styresak 032/14 Styringsdokument til helseføretaka og Helse Vest IKT AS, hadde styret følgjande innspel:

Styret viste til at talet på sjukepleiarar som blir utdanna i regionen går ned, og ba administrasjonen sende eit tydeleg bodskap til departementet om at vi ønskjer auka utdanningskapasitet.

I følgje rapport publisert av statistisk sentralbyrå om «Arbeidsmarkedet for helse- og sosialpersonell fram mot år 2035» frå 2012 (Kristian Roksvaag og Inger Texmon), er det sannsynleg at det vil bli eit underskot på 23 000 årsverk for sjukepleiarar på landsbasis i 2035 om ein ikkje sett inn tiltak no. Den nye SSB oppdaterte rapporten per 15. oktober 2014, understreker ytterlegare behovet framover: <http://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/framskrivinger-av-befolkning-og-arbeidsstyrke-etter-utdanning-med-alternative-forutsetninger-for-innvandring>

Føresetnadene som ligg til grunn for rapporten er dagens (2010) opptak og fullføringsgrad av studentar, samt dagens oppgåveplanlegging. SSB understreker i sin siste oppdatering 15. oktober 2014 at framskrivingane er usikre.

Samstundes er talet på obligatoriske praksisplassar ved utdanningsinstitusjonane på Vestlandet redusert i tråd med oppdragsdokumentet til Helse Vest (Vedlegg 1 – angir tal på praksisplasser i forhold til fastsett utdanningskapasitet). Dette samsvarer dårleg med det framtidige behovet for sjukepleiarar.

Fakta

SSB understreker i sin siste oppdatering 15. oktober 2014 at:


«Framskrivningene er usikre

Det er nødvendig å understreke usikkerheten i slike framskrivinger. Til dels er de basert på forenklete forutsetninger, og tilbud og etterspørsel er framskrevet uavhengig av hverandre. Mekanismer som vil bidra til å redusere framtidige ubalanser er ikke del av modellen. Med andre ord gir rapporten en beskrivelse av et framskrevet behov og tilbud for ulik type arbeidskraft basert på forutsetninger fra dagens situasjon, og ikke hva SSB antar situasjonen vil være fremover.

Med utgangspunkt i dagens tilbud og behov, framskrives utvalgte grupper slik i 2025:

- *Underskudd på arbeidskraft på videregående nivå i bygg- og anleggsgfag, i overkant av rundt 30 000*
- *Noe underskudd på sivilingeniører, rundt 3000*
- *Overskudd av utdannede med kort og lang høyere utdanning i økonomiske og administrative fag, drøye 60 000*
- *Underskudd på lærere med kort høyere utdanning, i underkant av rundt 40 000*
- *Underskudd på pleie- og omsorgsfag med kort høyere utdanning, rundt 35 000»*

Behova for helsepersonell vil auke sterkt i åra framover. Auka levealder inneber at «vi lever lengre og mange får fleire og samansette lidingar». Sjukepleiargruppa og helsefagarbeidarane utgjer til saman pleiegruppa i helseføretaka. Pleiegruppa er som mange andre helsepersonellgrupper kvinnedominert.



Det første ein bør gripe tak i er å unytte rekrutteringsgrunnlaget blant kvinner og menn betre i framtida. Ein må både sikre rekruttering, og arbeide for ein betre kjønnsbalanse.


Studenttalet for sjukepleiarane har auka dei siste tiåra, med eit opptak på i underkant av 5 000 studentar årleg (nasjonalt). Med det fråfallet ein ser i dag, er dette ikkje tilstrekkeleg. Eit lågt studentopptak i kombinasjon med at 37 prosent av sjukepleiarane er 50 år eller eldre, gjer at vi berre kan forvente ein moderat vekst i tilgangen på nyutdanna sjukepleiarar.

Dette er noko lågare enn tilbodsveksten i førige versjon av HELSEMOD, sjå figur 1 nedanfor.


Etterspørselsveksten etter sjukepleiarane er antatt å vere høg gjennom framskrivingsperioden. Med føresetnadene som blir lagt til grunn i referansebanen vil etterspørselsveksten vere ein av dei høgaste blant alle personellgruppene fram mot 2035. Dette skuldast i første rekke at sjukepleiarane er sysselsette i aktivitetsområde kor den eldre delen av befolkninga utgjer den største delen av brukarane. Dette gjer seg spesielt gjeldane frå og med 2020, då veksten i etterspørselen aukar kraftig som følgje av ein aukande del eldre i befolkninga. Med ein sterkare vekst i etterspørselen enn i tilbudet vil det allereie tidleg i perioden bli ein underdekning av sjukepleiarar.

Dersom tenesta skal vere i stand til å møte utfordringane, må det vere tilstrekkeleg tal studieplassar for å møte dei framtidige behova fram mot 2020. Vi må i tillegg modernisere tenesta der det er mogleg og vi må løysa oppgåvene på en god måte. Etter 2020 vil underskottet på sjukepleiarar auke klart, og med føresetnadene vist i fig. 1 og 2 under, nå opp i 28 000 årsverk i 2035, med mindre utdanningskapasiteten blir auka (Fig. 2 Referansealternativet).

Figur 1. Tilbod og etterspørsel for sjukepleiarar ifølge ulike berekningar med HELSEMOD, 2010-2035. Normalårsverk




Figur 2. Balanse mellom tilbod og etterspørsel for sjukepleiarar ifølge ulike berekningar med HELSEMOD, 2010-2035. Normalårsverk



Samstundes som etterspørselen etter sjukepleiarar vil auke på landsbasis gitt informasjonen ovanfor, er obligatoriske praksisplassar for føretaksgruppa Helse Vest redusert. Figurane tek utgangspunkt i dei årlege aktivitetskrav (no kandidatmåtal) frå Kunnskapsdepartementet til utdanningsinstitusjonane som går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest.


Figur 3. Samla utvikling obligatorisk praksisplass i Helse Vest regionen




Figur 4 og 5. Utvikling obligatorisk praksisplass for Bergen Høgskule og Sogn og Fjordane



Figur 6 og 7. Utvikling obligatorisk praksisplass for Universitetet i Stavanger og Stord/Haugesund




Figur 8 og 9. Utvikling obligatorisk praksisplass for Betanien/Diakonale og for Haraldsplass Diakonale Høgskule



Figur 10. Aldersfordeling samla sjukepleiarar Helse Vest

Vi har totalt 8 554 sjukepleiarar tilsett i føretaksgruppa Helse Vest fordelt mellom sjukepleiarar, spesialsjukepleiarar og jordmødrer. Aldersfordelinga viser at den største gruppa sjukepleiarar nærmar seg pensjonsalder i 2035.



Utviklinga i årsverk samla for sjukepleiarane visar ein stigande trend frå 2008 – 2014.

Figur 13. Utvikling årsverk samla sjukepleiarar Helse Vest



Det er Kunnskapsdepartementet som i sine oppdragsbestillingar til høgskular og universitet må vere i takt med behova. Finansiering av nødvendig auke i grunn- og vidareutdanninga må stå i forhold til behova i sektoren og må vere på plass i takt med behovsutviklinga.

Konklusjon

Helse Vest må vere med og sikre at utdanningskapasiteten til grunn- og vidareutdanning for sjukepleiarar står i forhold til behova i tenesta. Utdanningsinstitusjonane på Vestlandet må utdanne eit tilstrekkeleg tal dyktige sjukepleiarar som står i forhold til behova i sektoren. Det er viktig at også vidareutdanning for spesialsjukepleiarar og jordmødrer blir ivaretatt på ein god måte.